

# Haukanesberget



ARKIVFOTO

## FAKTA | RASSIKRING HAUKANESBERGET



” Eg vil gå for det no, slik planane er vorte.

INGEBJØRG WINJUM

- Rassikring av Fv 7 Haukanesberget har toppa fylket si prioriteringsliste i ei årrekke.
- I september vedtok heradsstyret i Granvin ikkje å godkjenne planen som Statens vegvesen hadde utarbeidd for rassikringstunnelen.
- På den utsette strekkja mellom Folkedal og Haukanes er det registrert cirka 20 ras i året, i form av stein-, is- og turrsnøskred.
- Vegvesenet planlegg ein tunnel på 1360 m. Lokalt er det ivra for ein 1765 m lang tunnel, som gjer at Haukanesgarden slepp store inngrep.
- I den endra planen vert vegen utvida på strekkja frå tunnelmunninga i Haukanes og til eksisterande møteplass i Salbuvik.
- Den endra planen inneheld også eit massedeponi mellom vegen og fjorden, i Haukanes. Seinare kan dette verta omgjort til eit utvida jordbruksareal.

Fakta: Framlegg til reguleringsplan for Fv 7 Haukanesberget, Statens vegvesen

## lar i Ulvik

Voss, når me er på møte og slikt i Bergen, meiner teknisk sjef Jarle Grevstad. – Med godt med reklame for Ulvik på, legg han smilande til.

Heradet har brukt om lag 50.000 kr for å få på plass desse ladepunktta, som også kan nyttast til motorvarmarar.

### Ny mur på plass

I same området som ladestasjonen er plassert kan dei også beundra ein ny solid gråsteinsmur, med gangveg og trapp mellom nivået rundt sentrumsbygget

og Coopen, og opp til Fylkesveg 572. Muren som har kosta rundt 900.000 kr kjem i staden for ein tidlegare mur av betongelement. Denne sto i fare for å rasa ut. Trappa som leier i retning mot butikken og kommunale kontor er ei ny løysing.

Også den nye muren har vore omtalt i kommunale budsjett i fleire omgangar. Saka starta som eit benkeforslag og med ei avsetjing på 200.000 kr.

SIGRID SEIM | tekst og foto  
ss@avisa-hordaland.no

## Krasja på Stanghelle

**STANGHELLE:** Ein bil med to personar krasja like utanfor Hetta-tunellen på E16 ved Stanghelle laurdag. Dei to i bilen vart sjekka av helsepersonell på staden og ingen av dei var alvorleg skadde. Det vart ein del køar på E16 etter ulukka, melde politiet sin operasjonsentral på Twitter. Politiet fekk melding om trafikkulukka kl 18.50 laurdag kveld.

## Bruopning med plan B

**HARDANGER:** Med god framdrift i arbeidet kan Hardangerbrua opnast 29. juni neste år. Skulle uroleg vintervêr gjera arbeidet vanskeleg, vert det også planlagt for ein alternativ opningsdato, 31. august. Assisterande prosjektleiar Bente Johnsen Aase opplyser dette til nrk.no. Det er planlagt stor folkefest i tilknytning til opninga, og det er ikkje før i februar Statens vegvesen tek endeleg stilling til kva som vert datoen.

## Nytt tilbud på jordbruksskolen

**VOSS/BERGEN:** Arbeidarpartiet fekk med seg heile fylkestuvalelet då dei tilrådde å oppretta eit utdanningstilbod på Voss jordbruksskule innan energi, miljø og klima. – Trongen for kompetanse innan klima, energi og miljøfag er stor. Skulane bør oppmuntrast til å spesialisera seg for å styrkja læringsmiljøet og gje ungdomane større valfridom, heiter det i grunnleggjinga frå Ap sin gruppeleiar Ruth Grung. Vg1 Naturbruk, klima, energi og miljø kan koma i gang alt hausten 2013, ifylgje vedtaket. Det er inngått intensjonsavtale med Voss Energi og Indre Hordaland Miljøverk, og i tillegg Geofysisk institutt. Tilbodet er alt etablert i tre fylke, og Voss får det fjerde opplærings-tilbodet i landet.

## Privateigd skule-pc

**VOSS/BERGEN:** Fylkestinget skal denne veka avgjera om elevane i vidaregåande skule skal bruka privateigde pc-ar, i staden for dagens ordning der dei får utlevert ei fylkeseigd maskin ved skulestart. Fylkeseigde maskiner krev ei juridisk kontrakt, og elevane betalar eigendel for å bruka maskina. Noverande ordning sikrar likt utstyr for alle elevane, men er ressurskrevjande å administrera. Privateigde maskiner vil sikra større valfridom for elevane i høve pc-modell eller Mac. Valfridom kan også innebera ein miljøvinst ved at elevane i større grad har ei maskin til skule og privat bruk, heiter det i innstillinga til fylkestinget som har møte tysdag og onsdag. Overgang til ny ordning kan skje ved skulestart 2013-2014, og vera fullt etablert innan utgangen av 2016.



**Pinnekjøtt**  
Matmestern, røkt/  
urøkt, pr.kg

**9490**



**3 FOR 2**

**Julepølse**  
Gjelder kun denne varen.  
Gilde, skinfri, 3 x 400 g,  
33,17/kg.  
Pris ved kjøp av én: 19,90/stk



**3 FOR 2**

**Risgrøt**  
Gjelder kun denne varen.  
Fjordland, 3 x 450 g,  
26,07/kg. Pris ved kjøp  
av én: 17,60/stk



**3 FOR 2**

**Friele kaffe**  
Gjelder kun disse varene.  
Friele, filtermalt/kokmalt,  
3 x 250 g, 71,73-74,40/kg.  
Pris ved kjøp av én:  
26,90-27,90/stk



**3 FOR 2**

**Klassikere/Twist**  
Gjelder kun disse varene.  
Freia, 3 x 300-330 g, 100,81-  
130,67/kg. Pris ved kjøp av én:  
49,90-58,80/stk

Raskt og rimelig

**Rimi**

Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt. Kun for private husholdninger. Gjelder t.o.m 31.12.2012